

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018
031/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	18.10.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/2092	18/12288

### Fritak for bygningar som har historisk verdi

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Då grunnlaget for eigedomsskatt i 2009 vart utvida til å gjelda alle eigedomar i Radøy, vart det også vedteke at bygningar med historisk verdi skal vera fritekne for eigedomsskatt, jf KST sak 72/08.

I sak KST 74/08 vart det gitt fritak for ei konkret liste med eigedomar. I sak KST 08/09 vart det gitt fritak for ytterlegare eigedomar.

I sak KST 57/17 vart ny kulturminneplan vedteken, der alle registrerte kulturminne vart klassifisert i ulike verneklassar. Som følge av vedteken kullturminneplan, bør også fritaksreglane justerast slik at fritak følgjer kulturminneplanen.

##### Vurdering

Rådmannen vurderer det slik at det må vera dei mest verdfulle kulturminna som kan fritakast for eigedomsskatt, og går såleis inn for at freda bygg og bygningar i verneklasse A vert fritekne for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7 b). Dette inneber også at bygg som på eit seinare tidspunkt vert ført opp i verneklasse A, automatisk får fritak for eigedomsskatt. Tilsvarende vil mogelege bygg som går ut av klasse A mista fritaket, med mindre bygget i staden blir freda. Rådmannen meiner også at tidlegare gitte fritak for eigedomsskatt etter § 7b) må opphevast, slik at det ikkje er tvil om kva eigedomar som er fritekne etter § 7b).

##### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for bygningar av særskild historisk verdi, jf eigedomsskattelova § 7b. Dette gjeld freda bygg og bygg som er registrert som verneklasse A i Radøy kommune sin kulturminneplan. Tidlegare gitte fritak etter same paragraf vert oppheva.**

#### Formannskapet i Radøy - 063/2018

##### FS - handsaming:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### FS - vedtak:

Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for bygningar av særskild historisk verdi, jf eigedomsskattelova § 7b. Dette gjeld freda bygg og bygg som er registrert som verneklasse A i Radøy kommune sin kulturminneplan. Tidlegare gitte fritak etter same paragraf vert oppheva.

### **Kommunestyret i Radøy - 031/2018**

#### **KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

#### **KS - vedtak:**

Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for bygningar av særskild historisk verdi, jf eigedomsskattelova § 7b. Dette gjeld freda bygg og bygg som er registrert som verneklasse A i Radøy kommune sin kulturminneplan. Tidlegare gitte fritak etter same paragraf vert oppheva.